



## Gode Lionsvenner i 104C

### Månadsbrev oktober 2021

#### Sidan sist

Så har me på nytt flytta klokka, oktober er snart historie og me er godt inn i Lionsåret. Referat frå sonemøte viser at me er godt i gang. Det er så kjekt å lesa om alle dei unike aktivitetane rundt om i Distriktet som viser mangfaldet vårt i Lions.

**LC Klepp** tenkjer på at småfuglane også skal få litt ekstra til jul i form av julenek. Kjekk aktivitet. **LC Osterøy** har hatt seniorfest og **LC Sveio** har igjen rydda i Salamanderparken, Det til glede for alle som bruker den. **LC Jæren** har raust støtta «Se Meg- Barn som pårørende». Slike prosjekt er verd å støtta og samarbeida med. Det er mange barn og unge som har ein vanskeleg kvardag. **Klubbar i sone 10, 11 og 12** har bidratt med filmutstyr til SUS slik at barn som skal ta MR kan sjå film som eit alternativ til narkose. Sist og ikkje minst så var det kjekt å lesa i LION om **Sandnes - klubbane** som hadde storfint besøk av dåverande statsminister Erna Solberg på aktiviteten deira i Rogaland Arboret. Så beklagar eg til **LC Lindås** at eg i førre månadsbrev gav LC Osterøy æra for standen på Knarvik – mila. Den skal de ha.

**Del gjerne både store og små aktivitetar med oss andre på Facebooksida vår: Lions Distrikt 104C.** Veldig kjekt å sjå at stadig fleire følgjer sida vår.

#### Distriktet



*Takk til klubben og president Roar Fanebust i LC Arna frå Distriktet.*

Gratulera til **LC Arna** med fylte 50 år. Gratulera også til **LC Bergen** som kunne feira heile 70 år. **LC Bergen** var den andre klubben som var chartra i Norge. Begge klubbane har mykje å vera stolte av. Distriktet takkar dei for innsatsen så langt og ønskjer lykke til vidare med å gjera ein forskjell for dei som treng det.



GAT arrangerte **Stormøte** på Karmøy for sonene 7,8 og 9. Oppmøte var over all forventning. Så utruleg kjekt. Opplæring på Styreweb, Gnist og MyLion stod på programmet. Nyttig og lærerikt for dei aller fleste. I tillegg så hadde IRC Lars Tvetter eit

interessant innlegg om LAN og Lions Norge sitt hovudprosjekt utland. Det blir **Stormøte i Bergen 13. januar og i Stavanger 20.januar. Set av datoane. Dette er viktig.**

**Til mi store glede** ser eg at det er fleire klubbar som no rapporterer i MyLion. Det er så bra og det er så viktig at alle klubbane er med og synleggjer aktivitetane våre og forskjellen me gjer for dei som treng det mest. Det å få dokumentert dette, vil gjera oss enno stoltare Lions. Ta gjerne kontakt med **Egill Soldal** som er GST i Distriktet, [egill.soldal@lions.no](mailto:egill.soldal@lions.no) om dette.

**Når det gjeld medlemsutvikling så peikar pila nedover.** Me har mista 60 medlemmer hittil i dette Lions-året og verva 19 nye. Altså, - 41 medlemmer på fire månader. Pr i dag er me 1630 medlemmer. Pr oktober 2020 var me 1705. Dette er urovekkande. Denne utviklinga må me stoppa. Det er alle medlemmer sitt ansvar å verva nye medlemmer. Kva har **du** gjort? Her vil eg visa til Lion-bladet som kom i posten her om dagen ( sjølv sagt også på nett). Les «Generalsekretærens spalte» Her står det mange tips og kloke ord om medlemsverving. Frå no av skal pila peika ein veg, og det er oppover. Lykke til med vervinga. Ta kontakt med Jarle Rognstad som er GMT i Distriktet, [jarle.rognstad@gmail.com](mailto:jarle.rognstad@gmail.com) om de treng hjelp eller innspel.

**Eg vil på det varmaste anbefala at alle les Lion- bladet frå «perm til perm».** Det er smekkkfullt av interessante artiklar og ein masse informasjon om alt som rører seg i Lions Norge. På framsida er det bilete av verdsresident Alexander X. Alexander. Ein fantastisk varm og fin person som har det flotte mottoet « Service by heart »



**Julekaravanen til Marijampole i Litauen** går av stabelen 3.-6. desember. Ser ein bort frå nokre små endringar så blir den avvikla på tradisjonelt vis. I år er me så heldige at me har med oss 10 ungdomar. Totalt så reiser 31. Har klubben din betalt inn til Julekaravanen 2021? For dei klubbane som ikkje

har reservert seg så er beløpet kr 2000 til konto **1503.50.00973**. Det hastar med innbetaling. Berre for å ha sagt det ein gong til, så blir ikkje innsamla midlar brukt til reis eller opphald for dei vaksne deltakarane. Klubbane som sender ungdomar med tar kostnadane for desse då det er ein aktivitet. Vil du som medlem vera med og støtta Julekaravanen kan du senda **Vipps til 621556** eller betala inn på kontoen som er nemnd over. Kvar einaste krone uavkorta til formålet. Det er godt å kunna vera med og gjera ein forskjell.

**Siste helga i november er det Styre- og rådsmøte i Distrikt 104C.** Har klubben din ei sak som den gjerne vil ha behandla eller belyst, så gje meg eit ord om det. Vil også her minna om at forslag om endringar i Lov- og arbeidsordning for Distriktet må vera Lovkomiteen i hende seinast 1. desember.

Vil også at klubbane alt no begynner å jobba med aktuelle kandidatar til Distriktsstyre og -råd. Det er så mange flinke medlemmer i Distriktet som burde sei ja til verv. Assisterande soneleiarar for 2022-2023 skal vera på plass til 1. februar. Dette er svært viktig at klubbane tar opp allereie no. Merkeleg nok er det ofte ei utfordring å få nokon til å ta på seg å bli soneleiar. Eg vil på det varmaste anbefala å ta dette vervet. Sjølv sagt er det litt arbeid med det, men mest givande og kjekt. Opplæring vil bli gitt. Du vil bli ein del av rådet i Distriktet og kan vera med å påverka drifta. Rådsmøta er hyggelege og nyttige samlingar i lag med Lions frå heile Distriktet.

## **Lions sentralt**

**Vil igjen minna om Røde Fjær** og reknar med at alle klubbar no har ein Røde Fjær -kontakt. Innsamlingsaksjonen er som kjent 11.-13. februar, men klubbane må begynna planlegginga no om dei ikkje alt er begynt. På lions.no / Gnist finn de mykje informasjon om Lions Røde Fjær. <https://gnist.styreweb.com/org/4425/3367/articlecategories/38>



Hugs Vipps-kontoen som alle klubbane har fått. Med å skriva « LRF LC klubbnamn» så vil du kunna gje støtte til aksjonen og det vil bli registrert på klubben din. Du som medlem kan starta di eiga innsamling på Spleis eller Facebook. Inviter venner til å gje ei gåve eller gjer som ITC Terje Berge. Spring rundt og trekk bildekk til inntekt for LRF. Her er det berre fantasien som set grenser.

Bli med <https://vimeo.com/595234484>

Vil også slå eit slag for «poteveggen» Klubbar som donerer eit større beløp ( 25.000- 100.000) vil få dette synleggjort med ein løvepote på Beitostølen Helseportsenter. Kor mange løvepotar klarer Distrikt 104C å få på veggen? Sjå <https://www.lrf.no/poteveggen/>

**Campaign 100** går sin gang. Me må ikkje gløyma det sjølv om LRF får størst plass nett no. Det er enno eit stykke igjen før me har nådd målet vårt. Vil igjen minna om at å gje ei Melvin Jones utmerking er ein fin måte å støtta LCIF på. Den kan også gis til ikkje-medlemmer som fortener ei påskjøning og takk.

**Drar alle klubbane i same retning og er lojale mot vedtak som er gjort, får me til alt me vil.**



**Beste Lionshelsing frå  
Gunnhild Rein Almås  
Distriktsguvernør 104C 2021-2022  
Telefon 90 79 67 47 - c.dg@lions.no**